




Det Kongelige Fiskeri- og Kystdepartementet v/Lisbeth Berg Hansen
Postboks 8818 Dep

0032 OSLO



Vår ref.
12/945-2

Dykkar ref.

Arkiv
K2-

Dato:
28.10.2012

Uttale frå Askvoll kommune om minstemål på sei nord og sør for 62°N

I Høyringsnotat av 12. oktober 2012 går Fiskeri- og Kystdepartementet inn for å innføre eit minstemål for sei, gjeldande for alle fartøygrupper, på 45 cm nord for Stadt og 40 cm sør for Stadt.

Askvoll kommune er sterkt uroa over eit slikt framlegg, og ser det som ein trugsel for fiskeriarbeidsplassar og fiskerisamfunn i kommunen. Vi har svært livskraftige øysamfunn som i generasjonar har livnært seg på arbeidsplassar innan fiskeri og fiskeindustri. Arbeidsplassane har vore trygge og stabile med høg sysselsetjing og inntening. Kommunen har til saman 6 kystnotbåtar, banklinebåt, ringnotbåt, sjarkar, oppdrett og moderne fiskeindustri.

I denne samanheng er det særleg fiskeindustrien og kystnotflåten som blir råka.

Kystnotflåten har vore omstillingsdyktig og framstår i dag som svært moderne og effektiv. Like eins har Bulandet Fiskeindustri AS dei siste åra investert i nye maskiner og utvikla nye produkt for å kunne drive effektiv heilårsdrift. Forslaget som no ligg ute til høyring vil få store konsekvensar for Bulandet Fiskeindustri AS som baserer opp mot 75% av inntektsgrunnlaget på sei. For dei medfører ei slik forskriftsendring nedlegging, og 25 personar mistar arbeidsplassen sin. For kystnotbåtane blir inntektsgrunnlaget redusert med opp mot 30%. Også her er det varsla oppseiingar.

Askvoll kommune ser svært alvorleg på situasjonen då tap av arbeidsplassar kan og vil medføre at innbyggjarar må flytte ut av kommunen for å finne nytt arbeid.

Askvoll kommune ønskjer i tillegg å understreke følgjande:

- Seinotfisket skjer langs kysten før seien vandrar ut i ope hav. Havforskninga og kystfiskarane er samde om at seien i all hovudsak vil vere vandra ut av dei moglege områda for kystnotfiske før han når det nye minstemålet.
- notsei vert fanga nær industrianlegga med låge driftsutgifter og små miljøutslepp
- notfisket er meir selektivt (målretta mot fangstressursen) enn andre fiskeri

- nota set få eller ingen spor på havbotnen
- notseien sin kvalitet gjev grunnlag for lokal sysselsetting og lokal foredling i motsetning til trålseien som i større grad vert frakta til foredling i Kina og andre lågkostland.
- foredling ved norske landanlegg medfører – i motsetning til foredling til havs - 100% råstoffutnytting der restavfall vert teke vare på og nytta som proteinrikt dyre- og fiskefor.
- uttaket av notsei er oversiktleg og lett å regulere, medan vi har langt dårlegare oversikt over småseien som vert teken som bifangst i trål eller utsett for EU sitt gjenutsetningspåbod.
- departementet einsidig baserer seg på ei samanlikning av førstehandsverdien på sei. Når notseien vert levert rund til fabrikk, er prisen sjøvsagt lågare pr. kilo fordi ein større del av bearbeidinga skjer på land.
- den høge utnyttingsgraden som notseien oppnår ved bearbeiding i norske landanlegg, gjev ei verdiskaping som ikkje kjem fram i ei enkel samanlikning av førstehandsverdien.
- vi ikkje får presentert vurderingar av verditapet som følgje av auka bifangst av småsei i industritrål og småsei som blir ”gjenutsett” av EU-båtar.

Det må, etter Askvoll kommune si meining, gjerast ei langt grundigare verdianalyse av det samla seifisket enn det som no ligg føre, og det må gjerast ei breiare drøfting av bestandsutviklinga enn ei snever vurdering av minstemålet. I tillegg må det gjerast ein langt større innsats enn hittil for å berekne bestandsbelastningar som følgje av ”gjenutsetting”, bifangst i industritrål og seismikk.

For at fiskeindustrien på land og kystnotflåten skal kunne investere og satse framover treng næringa føreseielege råmer. Det er difor viktig at ein no konkluderar med at ei regulering av seibestanden ikkje skal belastast ei fartøygruppe åleine.

KOM-124/12 VEDTAK:

Askvoll kommunestyre sluttar seg til uttala om minstemål for sei nord og sør for 62`N.

For Askvoll kommunestyre

Frida Melvær

Frida Melvær
ordførar

Direkte tlf.: 57 73 07 02

Kopi: Sogn og Fjordane Fylkeskommune